



## Møtereferat

### Samarbeidsutval Halbrend barnehage

<b>Møtedato:</b>	<b>05.10.2021</b>	<b>Møtestad:</b>	Halbrend barnehage
------------------	-------------------	------------------	--------------------

Møtt	Ikkje møtt
Morten Bruland: Himmelblå Janne Seljevoll: Månelys Maria S E Garcia: Stjernetoppen Eli Tjørhom: Solstråle Line Sunde Farsund- tilsette Asiya Leonhardsen- tilsette Eva Omdal Følling- ass.einingsleiar Kari Naustdal- einingsleiar	Beate Øvrebø- Sunnfjord kommune - vara Anette Vågene Shanks

<b>Møteleiar:</b>	<b>Kari Naustdal</b>	<b>Møtereferent:</b>	<b>Eva O. Følling</b>
-------------------	----------------------	----------------------	-----------------------

Sak nr.	Sakstittel, omtale og konklusjon
21/09	<b>Velkommen – presentasjon:</b> - Gjennomgang av saklista - ingen saker til eventuelt
21/10	<b>Samarbeidsutval - oppgåver/ansvar, val</b> Innleiing v/styrar: - informasjon om dei formelle organa rundt foreldresamarbeid; foreldreutval, foreldreråd og samarbeidsutval. - vedtak i SU, mars 21: Det skal veljast representantar slik at alle avdelingane har enten ein representant eller ein vara i SU.  <b>Val til SU:</b> Morten Bruland, vara Janne Seljevoll Eli Tjørhom, vara Maria S.E. Garcia Line S. Farsund, vara Hege Anett Hoddevik Asiya Leonhardsen, vara Gitten Engen  Leiar: Eli Tjørhom Nestleiar: Line Sunde Farsunde
21/11	<b>Informasjon/dialog barnehage/foreldre</b>

**Status oppstart/tilvenning:**

- god personalsituasjon, positivt med ein nytilsett pedagog, manglar no 50% på å stette pedagognormen.
- Tilvenning nye barn på småbarnsavdelinga gått fint
- større utfordringar på stor avdeling, overgangen fra avdeling med 9 barn til 18 er stor for mange barn. Begge dei store avdelingane har ekstra personalressurs. Stjernetoppen har ekstra store utfordringar i gruppa og det er sett inn tiltak m.a. styrka bemanning. Barnehagen ønskjer alltid at foreldre tar opp ting med personale på avdelinga eller styrar om ein har spørsmål eller noko ein vil formidle.

**Mat i barnehagen, korleis fungerer det?**

- Personalet var skeptiske til å starte oppatt med matservering, det tar mykje tid til førebuing/etterarbeid som personale ønskjer å bruke saman med ungane. Men det er kjekt så sjå kor godt ungane et.
- Vi har og hatt eit ønskje om å ha matpakke til frukost, det er vanleg praksis i mange barnehagar, også i Sunnfjord kommune sine barnehagar. Men det er no bestemt at alle kommunale barnehagar i Sunnfjord skal ha det same tilbodet d.v.s. servere frukost, lunch og frukt/grønsak/knekkebrød. Dersom ein fråvik dette skal det gjerast eit vedtak i SU. Dette fordi alle saker som er viktige for foreldre skal leggast fram for SU. Dersom dette skulle bli aktuelt for oss vil dette komme opp som sak i SU ved eit seinare høve.
- Foreldrerepresentantane var tydelege på at dei ville har alle måltid og ingen matpakke til frukost.
- Personale opplever at frukosten dra ut i tid og det blir kort tid mellom frukost og lunch til andre aktivitetar. Vi skal ta ein gjennomgang av rutinane rundt frukosten og formidle dette til foreldre
- Mykje sosial læring rundt måltidet.

**Foreldremøte - evaluering, forslag til tema?**

Siste to åra har vi hatt avdelingsvise foreldremøte og opplever at det at gir rom for dialog om ting foreldre og barnehage er opptekne av. Men vi kjenner litt på at det for mange foredre kan bli mykje gjentaking år etter år.

- ja det blir gjentaking men slik må det blir og slik er det i skulen og
- Bra med pluss delta på slutten av møte, der får ein melde tilbake
- Kjekt med presentasjon med utgangspunkt i barnet. Viser de bilder av barna på skjerm er det lettare å kople barn og namn. Gjer det gjerne på alle avdelingane.

**Oppstartsamtalar – overgangsamtalar vår**

- Første gongen vi har hatt det på våren, vi opplevde det som positivt, lettare å få det til før ferien enn i oppstarten - positive tilbakemeldinar frå foreldre, dei fleste kom to foreldre
- Overgangsamtalane frå liten til stor – vi må ta denne overgangen på alvor, vi ser at det er ein stor overgang og vi tru det er viktig å start samarbeidet tidleg, opplevde det som positivt
- Positivt for Eva og Kari å vere med på samtalane.

**Bruk av Visma**

- Viktig informasjonskanal for barnehagen, viktig at den blir brukt av foreldre og. Bra for alle å vite at ein får alle meldingar på ein kanal. Blir mindre bruk av e-post.
- Legg inn fråvær – så tidleg de kan/veit, spesielt haust-, jule-, vinter-, og påskeferie. Det er ei god hjelpe for oss når vi skal fordele personale og oppgåver fornuftig – også ei meir fornuftig bruk av vikarmidlane våre.
- Slik det er no, kan ein ta skjemdump av biletet som ligg i Visma. Vi ber om at det ikkje blir gjort og minner om at ein uansett ikkje har lov å bruke biletet av andre utan at dei har gitt løyve til det.

	<p><b>Dugnad – gjennomføring av dugnad ute</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bestemt på SU møte i vinter at vi ikke skulle ha ein alternativ «koronadugnad» i vår t.d. avdelingsvis, smågrupper – foreldre øngste heller ein tradisjonell dugnad på hausten.</li> <li>- hausten er travel for oss og vi var ikke klar no når samfunnet opna opp. No tenkjer vi å vente til våren.</li> </ul> <p>Det blir tradisjonell dugnad til våren.</p> <p><b>Foreldreundersøking Udir.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det blir foreldreundersøking i november, den same som vi hadde i 2018 og 2019.</li> <li>- barnehagen brukar den i vår evaluering, høg svarprosent gjer det meir meiningsfullt å bruke den i arbeidet vårt.</li> </ul>
21/12	<p><b>Arbeid med årsplan 2022</b></p> <p>Kva skal vi legge fokus på framover? Tema?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Når vi arbeider med årsplanen, endrar vi og legg til der vi har gjort eller har planar om å endre praksis. Vi har jobba med aktivitetsplanen for våren 2022, men sjølvé årsplanen vil vi ta tak i på personalmøte og planldag no før nyttår.</li> </ul> <p>Bør om litt innspel, noko de tenkjer vi bør jobbe meir med eller noko nytt?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fin barnehage, flinke folk.</li> <li>- fortsetje å jobbe med bærekraft, viktig å spegle det som skjer i samfunnet elles</li> <li>- kom ikke mange innspel – det viktigaste for kvaliteten er menneska i barnehagen.</li> <li>- tips omå sjekke ut «Småbarnsdagane»; tema «sånn lever eg». Er no i oktober, arr. Av Helse Førde.</li> </ul>
	<p><b>Eventuelt – ingen nye saker kom opp</b></p>

*Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.*